

Hugnad UL
v/Dagny Risdal Liahagen
Sirevegen 449
3579 Torpo

997 25 870

Torpo, 15. januar

Regionrådet i Hallingdal
v/ Jan Olav Helling

Søknad om støtte

Hugnad UL har i disse dagar drive samanhengande folkedansopplæring på Hugnadheim på Torpo i 25 år. Nesten like lenge har det også vore tilbod om folkesong. Heilt i frå starten har deltakarane kome frå fleire kommunar. Særleg har Gol, Ål og Hol vore sterkt med, men både Nesbyen og Hemsedal har vore godt representert. Vi har ingen statistikk over kor mange som har vore innom og dansa i desse åra, men talet er høgt! Dei siste 14 åra har det til ein kvar tid vore 50-60 unge i alderen 7 til 19 år med på aktivitetane. I alle desse 25 åra er det Gunnlaug Lien Myhr og Martin Myhr som har stått for det pedagogiske arbeidet. I mange år så og si utan godtgjersle, medan dei siste 10 åra har Hugnad UL prøvd å betala dei eit nokolunde honorar som for tida er 60.000,- for dei to tilsaman. Det er framleis langt i frå vanleg betaling. Det er tross alt slikt arbeid dei har som sitt levebrød.

Ein må si at aktiviteten har vore ein suksess. Dansarar og kvedarar frå miljøet på Hugnadheim har dominert resultatlistene i juniorklassa på Landskappleikane sidan tidleg på 2000-talet. Fleire har også markert seg som seniorar, ikkje minst Margit Myhr som vann vokal folkemusikk kl. A og fekk med seg Kongepokalen heim i 2016. Verdt og nemne er også Kvedarkvintetten, som har vorte landskjente med utgjevingar og konsertar med vokalstoff frå Hallingdal. Av dansarane vil vi nemne Vetle Springgard som har gjort folkedansen til levebrød.

Aktivitetane held vi på vårt eige hus, Hugnadheim. Det er krevjande heile tida å skaffe pengar til naudsynt vedlikehald. Laget har mellom anna lagt nytt skifertak etter lekkasje, eit løft som inkludert dugnad kom på omkring ein million kroner. Laget søker heile tida ulike støtteordningar, og fekk i fjor ein fin gåve frå Sparebankstiftelsen DNB. Det hadde vore ei utruleg hjelp for oss om vi hadde hatt meir årleg støtte å forhalde oss til.

Som den einaste aktøren i Hallingdal som har ført vidare laus- og springartradisjonane over tid og med ein langsiktig horisont, tillet vi oss å søke om kr. 50.000,- til arbeidet.

For Hugnad UL
Martin Myhr (Styremedlem)
911 94 081 martinmyhr@aolnorge.no